



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ola Betten, 71 25 84 76

Runde fuglefredingsområde - dispensasjon for hjortejakt i område med dyrelivsfreding

Vi viser til kommunen sitt brev av 16.08.2021 om dispensasjon for jakt på hjort i dyrelivsfredingsområdet på Runde.

Fuglefredingsområda på Runde med dyrelivsfredingsområde vart etablert ved kgl. res. av 30.04.1981. Føremålet med fredinga er «å ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø, særleg med omsyn til sjøfuglkoloniane». I verneforskriftene pkt. IV nr. a) for fuglefredingsområdet og pkt V 1. ledd for dyrelivsfredingsområdet er "Alle fuglar og pattedyr med unntak av villmink freda mot skade og øydelegging av ein kvar art.". Goksøyrrmyrane naturreservat som ikkje har slikt jaktforbod.

Det er gjeve dispensasjon for jakt på hjort i perioden 2013-20. Auken i hjortebestandane gjer jakt til eit naudsynt forvaltningstiltak.

Det er ingen unntak i verneforskrifta som opnar for generell jakt på hjortevilt, eller gjev heimel til forvaltningsstyresmaktene til å gje løyve til dette. Saka må difor vurderast etter dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48, og vi har i det vidare vurdert søknaden etter denne og prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7:

§ 8 - Kunnskapsgrunnlaget

Runde er eit viktig område for sjøfugl, særleg som hekkeområde for alkefugl, toppskarv, havhest, krykkje og havsule. Desse artane er i området i perioden april – tidleg august, og vil sjeldan vere til stades i jakttida for hjort september-desember. Artar som er der då, er ulike måsar og sporvefugl, samt trekkande og rastande artar som er nedom.

Forstyrning av fuglelivet ved hjortejakt skjer anten ved felling av hjortevilt, eller ved at jegerar ferdast i terrenget. Hjorteviltjakt vil ikkje gje noko forstyrning av fugl i september – desember då jakta skjer. Ut frå det tilgjengelege kunnskapsgrunnlaget, finn Statsforvaltaren det forsvarleg å kunne gje dispensasjon for jakt på hjortevilt i dyrelivsfredingsområdet.



§ 9 – Føre-var prinsippet

Statsforvaltaren vil ut frå dette prinsippet ikkje gje dispensasjon for bruk av laus hund under jakta. Det vert heller ikkje opna for motorisert utfrakt av felte dyr pga. fare for terrengskadar og skade på livsmiljøet til fuglane.

§ 10 – Samla belastning

Runde dyrelivsfredingsområde er mykje av den busette delen av øya med all infrastruktur og menneskeleg aktivitet. Fuglefredingsområdet er lite påverka av forstyrring ved ferdsel. Dispensasjon for jakt på hjortevilt vil ikkje utløyse ei totalbelastning som kunne bli skadeleg eller uheldig for fuglelivet.

§ 11 – Kostnadene ved miljøforringing

Vi ser på dette prinsippet som lite eigna. Forstyrring er mellombels og kortvarig, og kan evt. reparerast ved å endre vilkår og dispensasjon.

§ 12 – Miljøforsvarlege driftsmåtar

Hjorteviltjakt utan motorisert transport utanom hekketida er omsynsfullt i høve til fugle- og anna dyreliv.

Dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48

Statsforvaltaren vurderer at etter dette at jakt på hjort ikkje strir mot verneformålet, eller påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. § 48, 1. ledd. Vi gjev etter dette dispensasjon for jakt på hjort i dyrelivsfredingsområdet på Runde i samsvar med søknad av 16.08.2021. Det blir knytt følgjande vilkår til løyvet:

- 1) Løyvet gjeld for jakt på hjortevilt i vanleg jakttid med godkjent våpen.
- 2) Løyvet er tidsavgrensa til åra 2021 – 2030.
- 3) Løyvet gjeld ikkje jakt på skadevilt utanom ordinær jakttid.
- 4) Løyvet gjeld ikkje bruk av laus hund og motorisert utfrakt av felt vilt.

Dispensasjonen vert stila til Herøy kommune v/landbrukskontoret som forvaltingsstyresmakt for jakt på hjort, rådyr og elg. Vi ber kommunen vidareformidle dette brevet til jaktvalda. Statsforvaltaren vil vurdere jaktforbodet i dyrelivsfredingsområda på eit generelt grunnlag. Dette vil krevje ei mindre forskriftsendring, og det vil vere naturleg å ta opp dette dersom det skjer andre endringar i verneområda.

Vedtaket om dispensasjon for jakt på hjortevilt i Runde fuglefredingsområde avgrensa til dyrelivsfredingsområdet kan påklagast til Miljødirektoratet innan 3 veker i samsvar med forvaltningslova § 28 ff. Evt. klage skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Jaktvalda har klagerett, og klagefristen startar når dei er gjort kjent med vedtaket.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Ola Betten
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent